



**VEDTEKTER**


**FOR**

**KOMMUNALE**

**BARNEHAGAR**

**I**

**FJALER**



**Oppdatert 26.04.2018**

## 1. EIGARTILHØVE, FORVALTNING

### 1.1 EIGAR

Fjaler kommune eig og driv : Yksnebjør barnehage  
Guddal barnehage  
Flekkje barnehage  
Våge barnehage

### 1.2 FORVALTNINGSANSVAR

Kommunen v/rådmannen har ansvar for forvaltning og tilsyn med dei kommunale barnehagane og tilsyn med private barnehagar i kommunen etter Lov om barnehagar.

### 1.3 SAMARBEIDSUTVAL OG FORELDRE RÅD

Samarbeidsutval og foreldreråd vert valde i samsvar med §§ 4 og 5 i lova.

## 2. LOV OG FØREMÅL.

### 2.1 LOV OG FØRESEGNAR.

Barnehagane vert drivne i samsvar med Lov om barnehagar, gjeldande føresegnar - herunder Rammeplan for barnehagar, kommunale vedtak og plan for den einskilde barnehage.

### 2.2 MÅLFORM.

Nynorsk målform skal, så langt råd er, nyttast i songar og litteratur i barnehagane.

## 3. OPPTAK.

Det er samordna opptak, jmf. barnehagelova §12, gjeldande for alle godkjende kommunale og private barnehagar i kommunen.

Rett til barnehageplass, jmf. barnehagelova §12a, har barn som fyller 1 år innan 1. desember i søknadsåret, som vert søkt for i hovudopptaket og som er busett i kommunen ved oppstart i barnehagen.

### 3.1 OPPTAKSMYNDE OG KLAGEHANDSAMING.

Styret i den enkelte barnehage har delegert opptaksmynde. Før endeleg vedtak skal styret innhente rådgjevande uttalar frå aktuelle faginstansar.

Formannskapet er klageorgan for klage på tildeling av barnehageplass. Klage skal sendast til rådmannen.

### 3.2 OPPTAKSKRITERIUM.

Desse kriteria gjeld som grunnlag for opptaket, **prioritert rekkefølge**:

1. -Barn med nedsett funksjonsevne. Sakkunnig vurdering må leggast fram.  
-Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernteneste §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd. Sakkunnig vurdering må leggast fram.
2. Barn med spesielle tilpassingsvanskar, sjukdom, eller som har ein vanskeleg livssituasjon på grunn av sjukdom og/eller vanskar hos føresette eller andre familiemedlemmer.
3. Året før skulestart.
4. Barn til einsleg forsyntar under utdanning, i arbeid eller under attføring.
5. Barn som tidlegare har hatt plass i barnehage.

I tillegg til å vurdere stabilitet i barnegruppa, alders- og kjønns-samansetting, gjeld også desse kriteria som grunnlag for opptaket, **ikkje prioritert rekkefølge**:

- Barn der begge foreldra er i arbeid eller under utdanning.
- Barn som har utilfredsstillande leikemiljø, t.d. farlege leiketilhøve, langt til leikekameratar o.a.
- Barn som ikkje kjem inn under nokon av kriteria ovanfor, prioritert etter alder.

### 3.3 RETNINGSLINJER FOR OPPTAK.

- Hovudopptak til barnehagane for nytt barnehageår vert gjort om våren etter felles kunngjering i lokalpressa. **Elektronisk søknadsskjema skal nyttast.** Frist ved hovudopptaket er **1. mars**.
- Tildeling av barnehageplass gjeld frå opptaksdato (skulestart) og fram til barnet byrjar på skulen eller plassen vert sagt opp. For seinare år skal det berre søkjast dersom ein ynskjer endringar eller utviding av barnehagetilbodet.
- Nye søkjarar utanom hovudopptak får sine søknader vurdert i høve til vedtekne ventelister eller om det er ledige plassar.
- Søknader som gjeld oppstart utanom hovudopptak **vert tidlegast handsama 2 månader før ønska oppstart.**
- Etter elektronisk søknad kan tilbodet endrast dersom det er ledig plass på det alternativet det vert søkt på. Søknad om redusert tilbod kan imøtekommast dersom barnehagen også har søkjar til den delte plassen som vert ledig.

Saksgang for opptaket vert etter barnehagelov, forskrift og kommunale vedtak.

### 3.4 OPPSEIING OG PERMISJON.

Oppseiing av barnehageplass skal vere skriftleg og skal sendast gjennom foreldreportalen. Oppseiingsfristen er gjensidig og gjeld 1 måned frå den dato det vert gjeve skriftleg melding. Foreldre/føresette må betale for oppseiingsmånaden og kan sjølv sagt nytte plassen ut månaden.

Foreldre som seier opp eller reduserer barnehageplassen etter 1. mars må betale som før 1. mars ut barnehageåret. Ved særlege høve kan det gjerast unntak frå regelen. Det kan ikkje gjevast permisjonar frå ein tildelt plass utover vanleg fråvær/feriar.

### 3.5 REGLAR FOR FORELDREBETALING.

Kommunestyret fastset betalingssatsar og reglar for syskenmoderasjon i samsvar med gjeldande føresegner.

Det må betalast for 11 månader i året. Det er betalingsfri i juli.

Foreldre/føresette som hentar barna for seint, må betale for personalet si overtid etter vedtekne reglar.

## 4. OPNINGSTID OG FERIE.

Dei kommunale barnehagane gjev eit tilbod frå 8,5 til 9,5 timar pr. dag og frå 3 og 5 dagar pr. veke.

Barnehagane er stengde på offentlege helge- og høgtidsdagar og 3 veker om sommaren dersom barnehagen ikkje har sommarope.

I løpet av året er barnehagane stengde i inntil 5 dagar for planleggingsføremål.

Barnehagane lagar plan for opningsdagar i barnehageåret. Planen skal godkjennast som ein del av årsplanen.

Alle barna skal ha 4 veker ferie i barnehageåret.

## **5. AREALUTNYTTING.**

Følgjande arealnormer gjeld for kommunale barnehagar:

0 – 3 år: Nettoareal 6 kvm. Bruttoareal 10 – 13 kvm.

3 – 5 år: Nettoareal 4 kvm. Bruttoareal 7 – 9 kvm.

## **6. INTERNKONTROLL.**

Kommunale barnehagar har internkontrollsystem i samsvar med Fjaler kommune sitt internkontrollsystem.